



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Klage på ulike tilhøve ved Mjåtveit Næringspark - Kommunen er rett styresmakt til å handsame klagen

Viser til dykkar brev datert 27. april 2020.

Kommunen ber Fylkesmannen vurdere om klage datert 18. desember 2019 på ulike tilhøve ved Mjåtveit næringspark skal handsamast av Fylkesmannen.

Klagen er framsett av naboar til næringsparken og omhandlar ulike verksemder på næringsparken. Etter klagars meining medfører ein manglande forlenging av ein påbegynt jordvoll mellom næringspark og naboar at naboane vert utsett for bl.a. lys og lys frå lastebilar og innsyn til forsøpling. Klagar nemner også ein påstått ulovleg oppført rubbhall, som Fylkesmannen forstår kommunen er i god med å sjå på.

Fylkesmannen meiner at heile klagen skal undersøkjast av Alver kommune. Næringsparken blei godkjend gjennom reguleringsplan for Mjåtveit næringsområde av 1. juni 2012. Tolking om kva som skulle vore bygd (jordvullen) i hht reguleringsplanen og andre vedtak etter pbl er kommunen si oppgåve. Er det avbøtande tiltak som skulle vore bygd, så har kommunen heimel i plan- og bygningslova til å følgje dette opp. Det vises særskilt til reguleringsføresegn 2.2.4 som seier: "Ved søknad om løyve til tiltak skal det gjerast greie for trafikk, forureining og støy som framtidig verksemd kan generere, og eventuelle avbøtande støyskjermingstiltak skal visast innarbeidd i prosjektet."

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

